

# ÅRSMELDING 2010

**Sandane Industri L/L**

## ÅRSMELDING 2010 FOR SANDANE INDUSTRI LL

Sandane Industri LL vart etablert den 22.mai 1963. Verksemda er ei arbeidsmarknadsbedrift som er knytt til NAV sine tiltak for avklaring, kvalifisering, opplæring og sysselsetting av personar med nedsatt arbeidsevne med sikte på attføring til ordinært arbeid eller utdanning.

### Utvikling og resultat.

Omsetning og resultat i 2010 var tilfredsstillande og omtrent i tråd med budsjettet. Selskapet sin økonomi er sunn og gjer at ein kan satse vidare frå ei solid plattform. I 2011 vil det bli fokus på kompetanseheving og vi reknar med at vi i løpet av året skal bli sertifisert innan Eguass Assurance; kvalitetssystem for attføring. Målet er å heve kvaliteten på det vi gjer i alle ledd.

### Vidare drift

Selskapet har god innsøking på tiltaka våre. Vi er godkjendt fram til 2014 og samarbeidsavtalen med NAV Sogn og Fjordane for 2011 er underskriven. Det framlagde rekneskapet gjev etter styret si meining eit rettvise bilde av drifta i 2010 og selskapet si økonomiske stilling pr 31.12.2010. I samsvar med rekneskapslova §3.3 vert det stadfesta at føresetnaden om fortsatt drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapet.


### Likestilling

Av deltakarane på tiltak (Avklaring, APS, TIA, KIA, VTA) var 29 kvinner og 93 menn. Pr. 31.12.2010 var det 12 ordinært tilsette ved bedrifta. Fordelinga var 3 kvinner og 9 menn. Det er likestilling mellom kjønna ved at både kvinner og menn vert vurderte ved utlysing og tilsetting, og kvinner og menn har lik lønn for likt arbeid. Ved utlysing er det naturleg å vurdere å oppmode kvinner til å søkje. Kvinner og menn har lik arbeidstid. Det er ikkje utarbeidd særskilte retningslinjer for likestillingsarbeidet ut over dei som gjeld i Arbeidsmiljølova og HMS-forskrifta.

### Miljø

Bedrifta har rutinar for oppfølging av sjukefråvær og rutinar for oppfølging av psykososialt arbeidsmiljø. Sjukefråværet blant tiltaksdeltakarar var i 2010 på 3,5 % mot 4,5% året før. 2,8% har vore langtidssjukmelding. Hos dei ordinært tilsette har sjukefråværet vore på 8,3 % mot 8,5 % året før. 8,2% har vore langtidssjukemelding. Styret kjenner ikkje til noko som ureinar det ytre miljøet.


Sandane 7. mars 2011




Jop Gimmesstød  
-styreleiar-




Rune Engeset  
-styremedlem-




Svanhild Mosebakken  
-nestleiar-



Brynhild Lund Notøy  
-styremedlem-



Alv Osa  
-styremedlem-



Geir P Ueland  
-dagleg leiar-

# ÅRSRAPPORT

## FRÅ STYRET I SANDANE INDUSTRI L/L for året 2010

### 1. INNLEIING

Sandane Industri L/L vart etablert den 22. mai 1963. Verksemda er ei arbeidsmarknadsbedrift knytt til NAV sine tiltak for avklaring, kvalifisering og opplæring av personar med nedsatt arbeidsevne, med sikte på attføring til ordinært arbeid eller utdanning.

#### AKSJEKAPITAL:

Selskapet sin aksjekapital er kr. 1.100.000 fordelt på 10 aksjonærar med 4.400 aksjar pålydande kr. 250,-

#### AKSJONÆRAR:

Sogn og Fjordane Fylkeskommune	352.500,-	32,05 %
Gloppen Kommune	249.250,-	22,70 %
Stryn Kommune	147.500,-	13,40 %
Eid Kommune	125.000,-	11,40 %
Vågsøy Kommune	87.500,-	8,00 %
Selje Kommune	57.500,-	5,20 %
Hornindal Kommune	47.500,-	4,30 %
Sparebanken Sogn og Fjordane	15.000,-	1,40 %
Høyanger Kommune	10.000,-	0,10 %
Bremanger Kommune	8.250,-	0,10 %

#### GENERALFORSAMLING:

Generalforsamling vart halde på Sandane den 31. mai 2010. Av totalt 4 400 aksjer var da 4 097 (93 %) representerte.

#### STYRE:

Jon Gimmestad	6821 Sandane	-styreleiar
Svanhild Mosebakken	6700 Måløy	-nestleiar
Brynhild Lund Notøy	6763 Hornindal	-styremedlem
Rune Engeset	6770 Nordfjordeid	-styremedlem
* Alf Osa	6821 Sandane	-styremedlem
Per Kjøllesdal	6797 Utvik	-varamedlem
Ørjan Fortun	6700 Måløy	-varamedlem
* Jarle Berentsen	6783 Stryn	-varamedlem

\* Vald av og blant dei tilsette

Geir P Ueland har vore sekretær for styret.

I 2010 vart det halde 5 styremøte, og det vart handsama 30 saker.

## 2. ORGANISERING

Selskapet har 4 avdelingar.

Pr. 31.12.-2010 var den faste staben og avdelingane organisert slik:

<b>AVD 20</b>	<b>AMB Ekstern kvalifisering Nordfjord og administrasjon</b>	
	Avdelingsleiar	Alf Osa.
	Dagleg leiar	Geir P Ueland
	Attføringsleiar	Karl Anton Søvde
<b>AVD 50</b>	<b>VTA Stryn</b>	
	Avdelingsleiar	Einar Frøholm
	Arbeidsleiar	Sabine Solheim
	Tilretteleggjar	Olav Aardal
	Arbeidsleiar (TCG)	Jarle Berentsen
<b>AVD 60</b>	<b>APS Eid</b>	
	Avdelingsleiar	Svein Sørland
	Arbeidsleiar	Svein Navelsaker
<b>AVD 70</b>	<b>Kursavdeling Eid</b>	
	Kurs ansvarlig	Ester Lauren Andreassen

### 3. ATTFØRING

Hovudmålsetjinga for Sandane Industri L/L er avklaring, arbeidstrening, kvalifisering og opplæring av personar med nedsatt arbeidsevne, med sikte på attføring til ordinært arbeid eller utdanning.

<b>Deltakar bevegelser</b>						
01.01.2010 - 31.12.2010						
	<b>Kvalifisering i AMB</b>	<b>Tilrettelagt arbeid i AMB</b>	<b>Avklaring</b>	<b>APS</b>	<b>VTA</b>	<b>Sum</b>
<b>Antall per: 01.01-2010</b>	<b>22</b>	<b>7</b>	<b>4</b>	<b>8</b>	<b>14</b>	<b>55</b>
Direkte inn	9	0	37	14	2	62
Fra Kvalifisering i AMB	0	1	0	4	0	5
Fra Avklaring	1	0	0	1	0	2
Fra APS	7	0	0	0	0	7
<b>Antall begynt i perioden</b>	<b>17</b>	<b>1</b>	<b>37</b>	<b>19</b>	<b>2</b>	<b>76</b>
Annet, aktive løsnings	3	0	5	1	0	9
Annet, ingen aktiv løsnings	1	0	3	0	0	4
APS	5	0	3	0	0	8
Død	1	0	0	0	0	1
Flyttet	0	0	1	2	0	3
Kvalifisering i AMB	0	0	1	7	0	8
Oppfølging	0	0	2	0	0	2
Ordinært arbeid med lønnstilskudd fra NAV	1	0	0	0	0	1
Ordinært arbeid med tidsbestemt lønnstilskudd	0	2	0	0	0	2
Ordinært arbeid, uten bruk av lønnstilskudd	4	0	2	0	0	6
Sykdom/medisinsk/sosial rehabilitering	1	0	0	1	0	2
Søkt/fått alderspensjon/avtalefst.pensjon	0	0	0	0	1	1
Søkt/fått uførepensjon	1	1	5	0	0	7
Tilrettelagt arbeid i AMB	1	0	0	0	0	1
Tiltaket Arbeidspraksis	0	0	1	0	0	1
Utdanning, egenfinansiert	0	0	1	3	0	4
Vet ikke	0	0	12	1	0	13
Ingen sluttgrunn	0	0	0	1	0	1
<b>Antall sluttet i perioden</b>	<b>18</b>	<b>3</b>	<b>36</b>	<b>16</b>	<b>1</b>	<b>74</b>
<b>Antall per: 31.12-2010</b>	<b>21</b>	<b>5</b>	<b>5</b>	<b>11</b>	<b>15</b>	<b>57</b>

Kvalifisering i AMB (KIA) har stor aktivitet, 17 har starta og 18 har slutta. Av dei 18 som slutta var det 2 lærekandidatar som fekk kompetansebevis og 3 lærlingar som fekk fagbrev. Per dato har vi 10 lærekandidatar og 4 lærlingar. Ved årsskifte hadde vi 2 årsverk ledig i KIA.

Avklarings tiltaket har hatt 41 deltakarar i 2010.

APS har hatt jamt mellom 8-10 deltakarar gjennom året. Personar vi ser har mulighet til arbeid i det ordinære arbeidslivet blir i dei fleste tilfella prøvd ut gjennom KIA tiltaket.

I VTA er det lite gjennomtrekk. Tiltaket er i praksis fullt gjennom heile året.

## KOMPETANSEHEVING/SEMINAR/KURS FOR FUNKSJONÆRER I 2010

APS konferansen	2 deltkarar
Landsmøte Attføringsbedriftene	1 deltakar
Framtida AMB, seminar	1 deltakar
Karriereveiledning, attføringsbedriftene	1 deltakar
AMB-vest samlinger, 4 stk	1 til 2 deltakarar
AMB Sogn og Fordane, samling	6 deltakarar
Seminar tiltak i SI, Nordfjord	6 deltakarar
Dagskurs, rus	4 deltarar
Dagskurs, kommunikasjon	3 deltakarar
VTA samling, Nordfjordeid	1 deltakar
Styringsmøter med NAV SFJ, 2 stk	div.
Div. samlinger næringshager i Nordfjord	div.

## 4. PRODUKSJON OG DRIFT

Vi har produksjon i avd. 50 i Stryn og på avd. 60 på Nordfjordeid. I tillegg har vi anboda Oppfølging og Avklaring på avd. 70 på Nordfjordeid.

### AVD.50: AVDELING STRYN

I 2010 har vi produsert ledningsopplegg til ca 1,5 bussar i veka. Det er ei halvering i forhold til fjoråret. Oppdrag som vi har hatt i tillegg det siste året:

- Ledningsopplegg til Ulstein Elektro (båtar)
- Ledningsopplegg til hengar, Tysse
- Kasser til Stryvo
- Amund Mork, bonde i Oppstryn
- Fjellstad Stiftelse, forfallande vedlikehald

TCG har hatt mykje oppdrag i heile 2010, Våre folk gjer ein god jobb som oppdragsgjevar set stor pris på.

Ved årsskiftet var 9 personar engasjerte i VTA-tiltaket på Visneskaia, og 6 hos TCG. I tillegg har vi 1 person på KIA tiltaket og 1 person på TIA tiltaket.

**AVD 60 AVDELING EID**

Aktiveteten på avdelinga har i 2010 vore:

- Montering og kapping til West Mekan
- Blindrammer til Eurofoto
- Senger, kommoder og rammer til Coronett i Bergen
- Foringar, hobbyplater, poststativ, leikehytter, ved og div anna til kundar

Vi leiger lokaler med Holmøy Bygg AS på Langeland.

Ved årsskifte var det 11 i APS og 3 på TIA i avdelinga.

**AVD 70 KURSAVDELINGA EID**

Her gjennomfører vi tiltaket Avklaring.

Andre oppgåver utenom avklaring er:

- Anbudet Oppfølging
- Anbudet Avklaring

**DRIFTA I 2010 OG HITTIL I 2011:**

Omsetning og resultat i 2010 var god, omtrent som budsjettert. Vi har fått på plass ein sunn økonomi, som gjer at vi har ein plattform til satse vidare.

Vi skal i 2011 fortsatt ha fokus på å heve kompetansen på dei ansatte i bedrifta. Vi skal i løpet av året bli sertifisert innan Equass Assurance (kvalitetssystem for attføring). Vi skal heve kvaliteten på det vi gjer i bedrifta i alle ledd.

Dei store utfordringane for oss framover våren og hausten er :

- Sjå på muligheter for å samle avdelingene våre på Nordfjordeid.
- Få på plass kvalitetssystemet vårt, og tilpasse det til Equass-krava.
- Sikre oss at alle NAV kontor kjenner oss og våre tiltak
- Det skjer mykje innanfor tiltakssida frå sentralt hald, vi må følge med og være klar for dei forandringar som kjem.
- Forberede samanslåing med Mona Vekst AS.
- Utvikle samarbeidet med dei andre attføringsbedriftene i Sogn og Fjordane, Origod, Firda produkt og Sogneprodukt

**5. INDUSTRILOKALE**

Sandane: Lager, Mona, 1300 kvadratmeter

Stryn: Industribygg på Visnes, 750 kvadratmeter

**6. BUSTADER**

I 1981 gjekk Gloppen kommune og Sandane Industri L/L saman om å skipe Fjellstad Stiftelse. Stiftinga eig 4 rekkehus med 8 bueiningar i Søråsen bustadfelt på Sandane. Det er eige styre for stiftinga.

## 7. LIKESTILLING

Det er likestilling mellom kjønna ved at både kvinner og menn vert vurderte ved utlysing og tilsetting, og kvinner og menn har lik lønn for likt arbeid. Kvinner og menn har lik arbeidstid.

Det er ikkje utarbeidd særskilte retningslinjer for likestillingsarbeidet ut over dei som gjeld i Arbeidsmiljølova og HMS-forskrifta.

## 8. MILJØ

Vi er IA-bedrift.

Sandane Industri skreiv under "Samarbeidsavtale om et mer inkluderende arbeidsmiljø" mellom SI og Trygdeetatens arbeidslivssenter 8. juni 2005.

## 9. ÅRSREKNESKAPEN FOR 2010

	2010	2009
Samla inntekter	9 213 244	10 355 724
Samla utgifter	8 566 779	8 946 373
Finanskostnader	68 794	397
Årets resultat	715 259	1 409 351

Råvarer er verdsett til inntakskost, varer i arbeid til 50% av netto utsalgspris og ferdigvarer til 80% av netto utsalgspris.

Styret foreslår at overskotet kr. 715 259,- blir ført over på eigenkapitalen.

## LØN OG HONORAR

Løn dagleg leiar var kr. 658 886,- , honorar til styret kr. 74 640,- og til revisor kr.35 900,-

Sandane den 7. mars 2011


  
Jon Gimmestad  
-styreleiar-

  
Brynhild Lund Notøy  
-styremedlem-

  
Rune Engeset  
-styremedlem-

  
Svanhild Mosebakken  
-nestleiar-

  
Alf Osa  
-styremedlem-

  
Geir P Ueland  
-dagleg leiar-

# Sandane Industri LL

## Resultatrekneskap

<b>Driftsinntekter og -kostnader</b>	<b>Note</b>	<b>2010</b>	<b>2009</b>
Salgsinntekter	1	4 423 334	5 704 298
Andre driftsinntekter	1	4 784 910	4 636 476
Gevinst v/ avgang av anleggsmidler		5 000	14 950
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>9 213 244</b>	<b>10 355 724</b>
Varekostnader		647 522	672 465
Lagerendring eigentilverka varer		49 000	334 000
Lønnskostnader m.m.	1, 3, 4	4 834 085	4 970 762
Ordinære avskrivningar	5	438 418	661 799
Andre driftskostnader	3	2 597 753	2 307 347
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>8 566 779</b>	<b>8 946 373</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>646 465</b>	<b>1 409 351</b>
<b>Finansinntekter og -kostnader</b>			
Renteinntekter		68 794	42 043
Rentekostnader		0	41 646
<b>Resultat av finansposter</b>		<b>68 794</b>	<b>397</b>
<b>Årets resultat</b>		<b>715 259</b>	<b>1 409 749</b>
<b>Overføringer</b>			
Avsett til anna egenkapital		715 259	1 409 749
<b>Sum overføringer</b>		<b>715 259</b>	<b>1 409 749</b>

# Sandane Industri LL

Balanse pr. 31.12.

<b>EIGENDELAR</b>	<b>Note</b>	<b>2010</b>	<b>2009</b>
<b>ANLEGGSMIDLAR</b>			
<b>Varige driftsmidler</b>			
Tomter og bygningar	5, 6	2 241 000	2 313 000
Driftslausøyre, inventar o.l.	5, 6	476 000	564 000
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Investering i aksjar og andelar	2	26 000	26 000
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>2 743 000</b>	<b>2 903 000</b>
<b>OMLØPSMIDLAR</b>			
<b>Varer</b>			
Råvarer	1, 6	305 000	328 000
Ferdig eigentilverka varer	1, 6	44 000	93 000
<b>Fordringer</b>			
Kundefordringer		493 587	493 853
Andre fordringer		941 407	910 994
<b>Bankinnskot, kontantar o.l.</b>			
Bankinnskot, kontantar o.l.	6, 8	4 704 816	3 072 393
<b>Sum omløpsmidler</b>		<b>6 488 809</b>	<b>4 898 240</b>
<b>SUM EIGENDELAR</b>		<b>9 231 809</b>	<b>7 801 240</b>

# Sandane Industri LL

Balanse pr. 31.12.

EIGENKAPITAL OG GJELD	Note	2010	2009
<b>EIGENKAPITAL</b>			
<b>Innskutt egenkapital</b>			
Aksjekapital (4 400 aksjar à kr 250)	7	1 100 000	1 100 000
<b>Sum innskutt egenkapital</b>		<b>1 100 000</b>	<b>1 100 000</b>
<b>Opptjent egenkapital</b>			
Ammen egenkapital		4 648 085	3 932 826
<b>Sum opptjent egenkapital</b>		<b>4 648 085</b>	<b>3 932 826</b>
<b>Sum egenkapital</b>		<b>5 748 085</b>	<b>5 032 826</b>
<b>GJELD</b>			
<b>Ansvarsavsetningar</b>			
Pensjonsansvar	4	513 000	0
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>513 000</b>	<b>0</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		714 332	390 442
Skuldig offentlege avgifter		694 658	699 455
Ammen kortsiktig gjeld		1 561 734	1 678 518
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>2 970 724</b>	<b>2 768 414</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>3 483 724</b>	<b>2 768 414</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>9 231 809</b>	<b>7 801 240</b>


SANDANE, den 7. mars 2011  
For Sandane Industri LL


  
Jon Gimmestad  
styreleiar

  
Rune Engeseth  
styremedlem

  
Svanhild Mosebakken  
nestleiar

  
Alf Osa  
styremedlem

  
Brynhild Kåra Lund Notøy  
styremedlem

  
Geir Peder Ueland  
dagleg leiar

## Noteopplysningar for Sandane Inustri LL

### Note 1 Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og NRS 8 - God rekneskapsskikk for små foretak.

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester blir inntektsført etter kvart som dei blir levert. Offentlege tilskot relatert til lønn er ført som reduksjon i lønnskostnader, resterande tilskot er med i andre driftsinntekter.

Anleggsmiddel omfattar eigedelar bestemt til varig eige og bruk. Anleggsmiddel er vurdert til anskaffingskost. Varige driftsmiddel blir balanseført og avskreve over den økonomiske levetida til driftsmiddelet.

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar normalt postar som forfell til betaling innan eitt år etter balansedagen, samt postar som er knytta til varekretsløpet. Omløpsmiddel blir vurdert til lavaste verdi av anskaffingskost og verkeleg verdi.

Kundekrav og andre krav blir oppført til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte krava. I tillegg blir det for kundekrav gjort ei uspesifisert avsetning for å dekke generell tapsrisiko.

Råvarer er verdsett til innkjøpspris, varer i arbeid til 50 % av netto utsalgspris og ferdigvarer til 80 % av netto utsalgspris.

Kostmetoden er nytta for investering i tilknytta selskap.

Pensjonsordningar finansiert via sikra ordningar er ikkje balanseført. Pensjonspremien er ansett som pensjonskostnad og klassifisert saman med lønnskostnader. Det er avsett til gjenstående eigenandelar.

Rekneskapsprinsippa er elles nærare omtalt i dei tilhøyrande notar til dei enkelte rekneskapspostane.

### Note 2 Tilknytta selskap

Selskapet har eigarandelar i følgjande selskap:	Anskaffings- tidspunkt	Forretnings- kontor	Eigarandel/ stemmerett	Selskapets eigenkap. 2009	100 %	Selskapets resultat 2009	100%
Mona Arbeidssenter AS	31.12.1990	Sandane	25% / 25%	2 802 433		536 201	

Investeringa er rekneskapsført etter kostmetoden.

Det er ikkje stilt garantiar eller andre trygder til fordel for selskapet.

### Note 3 Tilsette, godtgjeringar

Lønnskostnader består av følgjande postar:	2010	2009
Lønningar	9 249 042	9 785 076
Folketrygdavgift	1 141 900	1 135 552
Pensjonskostnader	1 257 349	622 154
Andre lønnskostnader	-6 814 207	-6 572 020
Sum lønnskostnader	<u>4 834 085</u>	<u>4 970 762</u>
Antall årsverk	<u>35</u>	<u>35</u>

## Noteopplysningar for Sandane Inustri LL

### Note 7 Antall aksjar, aksjeeigarar m.v.

Selskapet sine aksjonærar pr 31.12. er:	Eigarandel
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	32,05 %
Gloppen Kommune	22,66 %
Stryn Kommune	13,41 %
Eid Kommune	11,36 %
Vågsøy Kommune	7,95 %
Selje Kommune	5,23 %
Hornindal Kommune	4,32 %
Sparebanken Sogn og Fjordane	1,36 %
Høyanger Kommune	0,91 %
Bremanger Kommune	0,75 %
	<hr/>
	100,00 %

### Note 8 Bundne middel

I posten inngår bundne bankinnskott med kr 403.722.

## Noteopplysningar for Sandane Inustri LL

Godtgjeringar	Dagleg	
	leiar	Styret
Lønn	658 886	74 640
Kollektiv pensjonspremie	10 841	0
Anna godtgjering	3 437	0

### Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar eks mva for 2010 utgjer kr 35.900.

Rekneskapsteknisk bistand kr 5.900.

Anna bistand kr 6.100.

### Note 4 Pensjonskostnad/-ansvar

Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjonsordning eller lov om tenestepensjon. Selskapet si pensjonsordning tilfredsstiller krava i denne lova.

Selskapet sine tilsette er innmelde i ordninga for avtalefesta pensjon (AFP). Det er avsett for gjenstående eigenandelar for tilsette som benyttar seg av ordninga.

I tillegg har selskapet foretakspensjonsordning der årets kostnad er innbetalt premie.

### Note 5 Varige driftsmiddel

Anskaffingskost 01.01.	5 358 135
Tilgang	278 418
Avgang	-67 522
Anskaffingskost 31.12.	<u>5 569 031</u>
Akkumulerte av- og nedskrivningar 31.12.	<u>-2 852 031</u>
<b>Bokført verdi pr. 31.12.</b>	<b><u>2 717 000</u></b>
<b>Årets ordinære avskrivningar, lineære over antatt økonomisk levetid</b>	<b><u>438 418</u></b>

### Note 6 Pantsetjingar

Pantsetjingar og liknande	Gjeld sikra ved pant	Eigedelar stilt som sikring	Balanseført verdi pant
Gjeld til kredittinstitusjonar		0 Tomter, bygningar	2 241 000
limit kassakreditt	300 000	Maskiner, driftslausøyre	476 000
		Varelager	349 000

Til Generalforsamlingen i  
Sandane Industri LL

## REVISORS BERETNING

### Uttalelse om årsregnskapet

Vi har revidert årsregnskapet for Sandane Industri LL, som består av balanse per 31. desember 2010, resultatregnskap som viser et overskudd på kr 715 259 for regnskapsåret avsluttet per denne datoen, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

### *Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet*

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som styret og daglig leder finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

### *Revisors oppgaver og plikter*

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapets utarbeidelse av et årsregnskap som gir et rettviseende bilde. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

### *Konklusjon*

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av den finansielle stillingen til Sandane Industri LL per 31. desember 2010 og av resultater for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

### **Uttalelse om øvrige forhold**

#### *Konklusjon om årsberetningen*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

#### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Sandane, 11. mars 2011

BDO AS



Rune Akse  
Registrert revisor